

## SOPPDYRKING

I teorien har me gode dyrkingsforhold for sopp utendørs på Vestlandet, det er fuktig, me har grei tilgang på egna tømmer, og me har mange småteiger med meir eller mindre vanskelig tilkomst. Men det er få, om nokon i det heiletatt, som driv med soppdyrkning ute.

Sopp krev ein fuktig dyrkingsplass. Stokkane skal under ingen omstendigheter tørke ut.

Ulike sorter sopp trivst best på ulike tresortar. Bartre egnar seg ikkje.

Det er kun lauvtre som kan brukast. Som hovedregel kan ein sei at jo hardare treslaget er, jo lengre kan ein dyrke på det, men det tar òg lengre tid før stokken er gjennomvokst av mycelium, og dermed lengre tid før den kan gi frukt.

Det er best om trestokken har meir yteved enn kjerneved i seg.

Bjørk og or er treslag som er gode å bruke. Hassel er og greit, og enkelt å få tak i på Vestlandet. Ideelt sett skulle ein hatt eik, men det er vanskeligare å få tak i.

Northspore har laga ein god oversikt over kva sortar tre og sopp som er ein god match:

	Shiitake	Oyster	Italian Oyster	Lion's Mane	Chestnut	Nameko	Chicken of the Woods	Hen of the Woods	Reishi ( <i>Ganoderma lucidum</i> )	Reishi ( <i>Ganoderma tsugae</i> )
DIFFICULTY (1-10)	1	2	2	4	3	6	10	9	8	8
Ailanthus		✓	✓					✗	✗	✗
Alder	★	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✗	✗	✓
Ash	✗	✗	✗	✗		✓	✓	✗	✗	✗
Aspens	✗	★	★	✓	✓	★	✗	✗	✗	✗
Basswood	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✗	✗	✗
Beech	★	✓	✓	✓	★	★	★		✓	✗
Birch	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✗	✗	✗
Black Walnut	✗				✓			✗	✗	✗
Box Elder		✓	✓					✗		✗
Buckeye		✓	✓		✓	★	✗	✗		✗
Cherry	✗				✓	✓	★		✗	✗
Chestnut	✓				✓	★				✗
Chinese Tallow		✓	✓					✗	✗	✗
Cottonwood	✗	★	★	✓	✓	★	★	✗	✗	✗
Elm	✗	✓	✓	✓	✓	✓	✓	✗	✗	✓
Eucalyptus	✓						✓	✗	✗	✗
Hackberry		✓	✓	✓	✓	✓	✓			✗
Hemlock	✗	✗	✓	✗	✗	✗	✗	✗	✗	★
Hickory	✓									✗
Hophornbeam	★	✓	✓		★	★				✗

	Shiitake	Oyster	Italian Oyster	Lion's Mane	Chestnut	Nameko	Chicken of the Woods	Hen of the Woods	Reishi ( <i>Ganoderma lucidum</i> )	Reishi ( <i>Ganoderma tsugae</i> )
Hornbeam	★			★	✓	★				✗
Maple, Hard	★	✓	✓	★	★	★	✗		★	✗
Maple, Soft	✓	✓	✓	✓		✓	✗	✗	✓	✗
Mimosa							✗	✗	✓	✗
Mulberry		✓	✓	✓	✓	✓			✓	✗
Oaks	★	✗	✗	✓	★	★	★	✓	✓	✗
Palm		✓	✓				✗	✗		✗
Peach	✗								✓	✗
Pear	✗	✓	✓							✗
Pecan	✓									✗
Pines	✗		✓	✗		✓	✗	✗		✗
Sassafrass	✓	✓	✓				✗	✗		✗
Sweetgum	★	✓	✓	✓	✓	★	✗	✗	★	✗
Sycamore	✓	✓	✓	✓			✗	✗	✓	✗
Tuliptree	✓	★	★				✗	✗		✗
Tupelo	✓						✗	✗		✗
Willow	✓	★	★		✓	✓	✗	✗	✓	✗

★ BEST

### KEY

✓ SUITABLE

✗ NOT RECOMMENDED

BLANKS REPRESENT  
UNKNOWN OR UNTESTED

FOR MOST MUSHROOMS  
CONIFERS OR SOFTWOODS  
SHOULD BE AVOIDED

DIFFICULTY RATINGS (1-10)

1- Great for beginners!  
10- Very difficult to cultivate

Tida på året ein fell stokkane har òg betydning. Det beste er om ein kan felle trea på seinvinteren eller tidlig vår før knoppane brist.

Etter at ein har samla nok stokkar, og sikra vanntilgang for å hindre uttørking på varme dagar, er neste steg å plugge stokkane med myceliuminfiserte trepluggar.

Dette bør gjerast innen eit par veker etter trefelling.

Desse hola må forseglast med egna voks som ein varmer opp og pensler på.

Rein bivoks er fint-. Ein borer inn 50 plugger per meter stokk, i eit diamantmønster.

For å bore hola til pluggane kan ein bruke spesialutstyr som festast på vinkelclippar som går raskare rundt enn ein drill. Dette gjer at ein korter ned tida for kvart hol, og dermed totaltida for arbeidet. Ein vanlig (sterk og rask) drill fungerer nok greit til hobbybruk.

Etter at ein har plugga mycelium i stammene må ein vente...

Sopp utendørs er ikkje like lett å kontrollere/manipulere som soppdyrkning innandørs.

Det blir dermed vanskelig å time når produktet er klart.

Under ideelle forhold kan ein få østersopp i ein bjørkestamme til å frukte etter fire månader. Men bjørkestammen vil også bli utarma tidligare enn hardare tresortar som til dømes eik. Eika vil kunne gi frukt i opp til 8 år, men det vanlege er at stokken er oppbrukt etter 5 år. Med tanke på klimaet me har på vestlandet, trur eg at eg må regne med kortare levetid på treverket.

Å dyrke sopp innebær litt løfting og flytting av stokkar.

Det er derfor viktig å ikkje bruke stokkar som er på bristepunktet av kva ein klarer å løfte.

Kilder:

[www.Northspore.com](http://www.Northspore.com)

[www.farmanddairy.com](http://www.farmanddairy.com)

Youtube. Mushroom Mike

(<https://www.youtube.com/watch?v=417Qbwn9yso> )